## Kven har bilete frå Myklebust kai ?

25.07.2009




MS Hardangerfjord ved Myklebust kai i 1983. (Foto: Harald Sætre)

**Neste artikkel om DS-ekspedisjon og handel i Uskedalen kjem i juleutgåva av Uskedalsposten. Den skal omhandla Uskedal kai eller Sanden, som vi seier i daglegtale.**




MS Flornes utanfor Myklebust kai. (Foto: Harald Sætre)

Mandius Myklebust tok til med handel i 1934 og frå om lag same tida vart dette DS-kai for HSD.
Før den tid var Myklebust stoppeplassen for motorbåtkonkurrenten til HSD,- Lønningdalsbåtane.
I Uskedalssamlinga finst det alt mange foto frå Uskedalen og sentrum.
I tillegg til dette har Harald Sætre mange foto frå Sanden og med båtar til kai.
Vi spør likevel etter foto med nye og til no ukjende motiv.
Det kan vera motiv frå:
* Båtar til kai på Sanden
* Lønningdalskaien
* Naustrekkja i Stølavikjo
* Sanddrifta i elvosen
* Handel
* Arne Myklebust og lastebiltransport ( mjølkebilane )
* Slaktehuset
* Badeliv i Stølavikjo
* Busetnad, hus og tun
* Arbeidet med båthamna
* Arbeidet med nyeskulen

Bileta vert skanna,registrerte og lagt inn som ein del av fotsamlinga til Uskedal Ungdomslag.

Fotosamlinga vert i desse dagar lagt ut på internett i biblioteksystemet Bibliofil.

Bileta kan sendast eller leverast til Kristian Olav Bringedal,

Beinavikjo 18, 5463 Uskedalen

javascript:top.opencompose('kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no','','','1')



Området rundt Myklebust kai. Men når er biletet teke?